



DEN NORSKE KYRKJA
Sirdal Sokneråd

dd 94

Kode... <i>Ki-501</i> ...	
Beh... ..	
200606109	091006

Postboks 133
4441 TONSTAD
Tlf: 38 37 16 00
Faks: 38 37 16 01

Kultur- og kirkedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Tonstad 06.10.2006
Vår sakshandsamar: Per Øistein Rogstad
Vår ref.: 06/00039-007
Arkivkode: 002

Høyringsuttale frå Sirdal sokneråd

Vedlagt følgjer høyringsuttale frå Sirdal sokneråd. I tillegg til å fylle ut høyrings skjemaet, har vi valt å svare litt meir utfyllande på dei åtte spørsmåla på eige ark.

Vi er spente på å følgje den vidare høyringsprosessen.

Venleg helsing

Per Øistein Rogstad
Per Øistein Rogstad
Dagleg leiar

Kopi til
Kyrkjerådet
Agder og Telemark bispedømmeråd

Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: Sirdal sokneråd

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

Vi ønsker at styresmaktene skal ha ei aktiv og støttende haldning på dette feltet. Dei skal først og fremst sikre trusfridom for alle, dernest sikre trus- og livssynssamfunna økonomiske kår. Desse prinsippa bør forankrast i grunnlova

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette
- Bør avvikles
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag
- Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttende organer

Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

Vi kan ikkje sjå at dette er eit spørsmål som rører ved ordninga med statskyrkje, men eit spørsmål kyrkja sjølv må arbeide vidare med uavhengig av kyrkjeordning. Kyrkja er først og fremst lokal, og ein bør ha både kyrkjeordningar og valordningar som synleggjer at soknet er grunneininga i kyrkja.

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
 De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
 Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
 Det humanistiske verdigrunnlaget
 At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget. Vi meiner at ei slik formulering ikkje er til hinder for full jamstilling mellom trus- og livssynssamfunna. Ei slik formulering vil synleggjere den 1000 år lange kristne tradisjonen her i landet.

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellestråd)
 Kommunen
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
 Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
 Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

Uttale frå Sirdal sokneråd om kyrkje-stat

1. Kva for overordna prinsipp bør ligge til grunn for trus- og livssynspolitikken

Vi ønskjer at styresmaktene skal ha ei aktiv og støttande haldning på dette feltet. Dei skal først og fremst sikre trusfridom for alle, dernest sikre trus- og livssynssamfunna økonomiske kår. Desse prinsippa bør forankrast i grunnlova

2. Den norske kyrkja som statskyrkja:

Fleirtalet på fem medlemmer i soknerådet ønskte å halde fram med den kyrkjeordninga som vi kjenner i dag

- dagens kyrkjeordning, med si store oppslutning, har vist seg å vere ei teneleg og god ordning både for kyrkja og samfunnet.
- Statskyrkjeordninga er den beste garantien for å sikre at det på lang sikt finst ei open, inkluderande, landsdekkande og likestilt folkekyrkje i heile Noreg.
- Erfaringa gjennom tida har vist at gjeldande ordning gir rom for ulike teologiske syn, og har på den måten vore ein garanti for breidde og mangfald i kyrkja
- Statskyrkjeordninga gir all religion/livssyn plass i det offentlege rom og sikrar desse like økonomiske rammevilkår.
- Statskyrkjeordninga vil gjennom å vere ein del av den offentlege forvaltninga, framleis vere ein viktig kultur- og tradisjonsberer i landet vårt.
- Ordninga har også vist seg å sikre at Den norske kyrkja er ei nasjonal og einskapleg kyrkje, samstundes som den haldar fast nærleiken og samspelet mellom religionsutøving og lokale styresmakter.
- At dei to alternativa i Gjøannes-utvalet som fører til ei oppheving av statskyrkjeordninga ikkje gjev naudsynnte garantiar for at desse viktige og grunnleggande prinsippa og verdiar kan vidareførast.
- At det framleis er mogleg å tilpasse, reformere og utvikle Den norske kyrkje vidare innanfor dagens grunnlovsforankring.

Mindretalet på to medlemmer ønskte å gå inn for ei lovforankra folkekyrkje

- Den norske kyrkje blir eit sjølvstendig rettssubjekt med eigne styringsorgan og med sjølvstendig ansvar for alle saker som har med kyrkja si tru og verksemd å gjere.
- Kyrkja for utnemne sin eigne biskopar.
- Stortinget skal vedta ein særskilt kyrkjelov, som sikrar at kyrkja framleis vil vere knytt til staten på ein særskilt måte.
- Ei slik ordning vil stadfeste at kyrkja er eit trussamfunn med ein eigenart ulik staten
- Det er folks oppleving av å høyre til i kyrkjelydane som er avgjerande for kyrkja si framtid, ikkje tilhøve mellom staten og kyrkja.
- Ein lovforankra folkekyrkje har ein fordel ved at den inneber full tros- og livssynsfridom, og tar vare på retta til å uttrykke si tru og sitt livssyn i det offentlege rom.
- Ei slik ordning kan hindre at tru og livssyn blir redusert til å vere reint privat.
- Kyrkja si posisjon er ikkje avhengig av staten, men i kraft av sin eigen tyngde og tradisjon.

3. I kva for lov bør Den norske kyrkja forankrast

Fleirtalet på fem ønskjer at vi framleis skal ha ei statskyrkje med forankring i grunnloven.

Mindretalet på to ønskjer at vi i skal ha ei lovforankra folkekyrkje. Den lovgivingsmynden som Stortinget får, bør vere heimla i ein grunnlovparagraf. Det vil sikre kontinuitet og gjere kyrkjelova vanskelegare å endre. Kyrkja si tryggleik vil vere at den er etablert som eige rettssubjekt, med høve til å gå til sak mot staten dersom den meiner at Stortinget gjennom lovvedtak krenkar religionsfridomen til kyrkja.

4. Korleis bør Den norske kyrkje finansierast

Vi meiner at også i framtida bør kyrkja i stor grad ha ei offentleg finansiering. Kommunane bør framleis ha ein stor del av ansvaret for økonomien i den lokale kyrkja. Dersom deira ansvar blir tatt bort/reduert vil dette kunne føre til større avstand mellom lokaldemokratiet og kyrkja.

Medlemskontingent/medlemsavgift er vi redde for kan føre til at folk melder seg ut av kyrkja ut frå økonomiske motiv, og at dermed kyrkja mister kontakt med store grupper.

5. Korleis bør valordningane og demokratiet vere dersom statskyrkjeordninga avviklast.

Vi kan ikkje sjå at dette er eit spørsmål som rører ved ordninga med statskyrkje, men eit spørsmål kyrkja sjølv må arbeide vidare med uavhengig av kyrkjeordning. Kyrkja er først og fremst lokal og ein bør ha både kyrkjeordningar og valordningar som synleggjer at soknet er grunneininga i kyrkja.

6. Dersom statskyrkjeordninga avviklast, kva bør i så fall stå i § 2 (eller i ein annan paragraf) i Grunnlova i tillegg til prinsippet om religionsfridom?

Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget. Vi meiner at ei slik formulering ikkje er til hinder for full jamstilling mellom trus- og livssynssamfunna. Ei slik formulering vil synleggjere den 1000 år lange kristne tradisjonen her i landet.

7. Kven bør ha ansvaret for gravferdsforvaltinga?

Vi meiner at den lokale kyrkja framleis må ha ansvar for gravferdsforvaltinga. Når undersøkingar visar at nettopp denne offentlege tenesta er den som folk er mest nøgd med, er det underleg å få andre til å ta hand om tenesta. Men det er viktig at det er mogleg å finne gode og tenelege løysingar lokalt i samarbeid mellom kommune og kyrkje. Særleg i mindre kommunar er det viktig at kommune og kyrkje spelar på lag for å utnytte ressursane mest mogleg effektivt.

8. Kven bør eige og forvalte kyrkjebygga

Dersom ikkje den lokale kyrkja skal eige kyrkjebygga, rører det ved Den norske kyrkja si trusfridom. Vi har vanskeleg å forstå korleis departementet kan meine at andre enn den lokale kyrkja skal eige kyrkjebygga. Kyrkjebygga representerar viktige kulturbygg rundt om i landet, og det er viktig at vi får ordningar som sikrar god forvalting av alle kyrkjebygg ikkje bare dei som er freda eller verna av Riksantikvaren.

Vedtatt av Sirdal sokneråd sak 48/2006 5. oktober 2006.